



Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/636 - 17/32086

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
09.11.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 176/3 Spurkeland

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 176/3
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Ingeniør Aarland AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.10.2017.

Søknad om fritak i frå nabovarsle jf. Pbl § 21-3:
Det er i søknad søkt om fritak i frå nabovarsle med slik grunngeving:

Vi ber om fritak om ny nabovarsling for denne dispensasjonen, da forholdet er godt belyst i tidligere varsel. Og det er søkt om dispensasjon fra bygging i LNF område, som ligger tett opp til jordlovas bestemmelser.

Administrasjonens vurdering:

Det er tidligare søkt om etablering av bustad nr. 2 på garden. Denne søknaden vart ikkje nabovarsla. Omsøkte tiltak er ikkje i samsvar med landbruksføremålet og det må søkjast om dispensasjon i frå dette. Administrasjonen finn ikkje grunnlag til å fritta frå nabovarsel, og syner til at etablering ny bustad vil kunne berøre naboar sine interesser.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-3 vert det ikkje gjeve fritak i frå nabovarsle.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Omsøkte tiltak skal knyttast til eksisterande avlaupsanlegg. De må sende inn dokumentasjon på kva type anlegg dette er og at anlegget er dimensjonert for tilkopling av bustad nr. 2. Vidare må det også dokumenterast utsleppstad for dette anlegget.
- Det må i søknad ligg føre skriftleg samtykke i frå heimelshavar vedkomande etablering av bustad nr. 2 på tomta.



3. Søknaden og søknad om dispensasjon skal nabovarslast. Vi syner til at naboar og gjenbuarar har 2 veker til å kome med merknader til tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.12.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1 og forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE